

Andakt til Helgetorsdag av Kristian Myklebust



Evangelietekst: Evangeliet etter Markus 16, 19-20

Kristi himmelfartsdag er ein dag der Jesu fråvere vert påtakeleg!

Før denne dagen hadde Jesus bokstaveleg tala vandra saman med læresveinane. Men frå denne dagen vert «å vandre med Gud» noko anna enn det hadde vore for læresveinane: det vert ein metafor på å leve i tru på ein vi *ikkje* ser med augene våre.

Tida mellom Jesu oppstode og Jesu himmelferd er forunderleg lite omtala i Bibelen, og vi kan undre oss over kvifor. Det står at Jesus lærte dei, men lite om kva han lærte dei desse 40 dagane. Samtidig ser vi at allereie i denne mellomtida vekslar han mellom å vere der og vere borte; han et saman med dei, men han kan også brått vere i eit rom med ei låst dør. Men frå denne dagen kjem han ikkje lenger til dei på denne måten. Han er borte for dei, slik han er borte for oss. Han «vart teken opp til himmelen og sette seg ved Guds høgre hand», slår Markus sakleg fast. Sjølv om evangelia ikkje framstiller det som ei sorg for læresveinane at Jesu vert teken opp til himmelen, må det jo i realiteten ha vore ei krise for læresveinane, ein situasjon dei ikkje heilt visste korleis dei skulle handtere: Kva no? Korleis skulle dei klare det store oppdraget dei hadde fått, utan Jesus? Markus fortel rett nok at «dei gjekk ut og forkynnte alle stader og at «Herren var med dei og stadfeste Ordet med dei teikna som følgde med» Men Lukas fortel at først måtte dei vente i Jerusalem, vente på kraft og ande til å fortelje om Jesus.

Situasjonen for oss som vil være Jesu læresveinar i dag liknar: Jesus er borte for augene våre; vi har Ordet om han og vi har teikna han har gitt oss, men vi ser han ikkje. Nokre gongar er det vanskeleg å sjå spora av han også. Likevel er kallet vårt det same- å vere vitne om at Jesus er levande og at han har fullført forsoninga, oppgåva med å føre menneske og Gud saman på ny, då han døydde og stod opp att. Men vi

heller skal ikkje gjere dette av eiga kraft, gjennom å ta oss saman, vere flinke og dyktige, og streve ut evangeliet i verda. Vi treng den same Anden som læresveinane måtte vente på. Det er ein god ting også for oss å bruke desse dagane fram til pinse til bøn om kraft og visdom frå Anden. For ved Den heilage Ande, som verkar på tusen måtar, og på nye og uventa måtar, kan vi her vi er vere vitne om Guds nærvere alle stadar, også på stadar der ein ikkje ventar at Gud er.

Vi lever i ei verd som er oppteken av synlegheit. Vi er nok mange som skulle ønske meir synlegheit frå Gud. Men vår Gud er også ein Gud som skjuler seg, som er større enn alt, som er usynleg- men som ber oss, si kyrkje, om å vere Kristi kropp, synleg tilstades i verda- for å lindre naud, forkynne evangeliet om Jesus og gjere godt mot andre. Vi skal synleg feire gudsteneste og gjere Guds kjærleik synleg med våre hender og føter; vi skal teikne Jesus Kristus for andre, slik at dei kan sjå han og tru.

Kristus vart teken opp til himmelen, men vil vere synleg i verda gjennom si kyrkje. Dette er mysteriet på Kristi himmelfartsdag, saman med mysteriet vi feirar kvar søndag- at Kristus, Himmelkongen, også gjer seg synleg for oss i brødet og vinen, slik at vi får ta i mot, ete og drikke, og tru på han. Slik er han framleis nær oss, heilt nær, heilt til dagen då vi skal sjå han som han er- dagen då Gud gjer alle ting nye.